

Idrettsminne

## Kort pause

Straks etter krigen var det stor interesse for idrett i bygda. Idrettslaget sende deltakarar i blant anna terrengløp, langrenn og friidrett til konkurransar på krets nivå. Eg kan hugse at eg var med på kretsmesterskap på Aksla stadion som junior. Der deltok eg i fire øvingar, blant anna 800 meter og tresteg. Då eg stod og hivde etter pusten etter å ha sprunge 800 meter, vart eg ropt opp for å hoppe tresteg og måtte berre sette igang. Dette gjekk likevel svært bra, eg kom på fjerdeplass og var berre ein centimeter frå bronse.

Helge Fedt